

Jol

Kvite små dun i lufti
Snøen fell tett mot tufti
Englar sym uti rømdi
Heilage Jol er i kjømdi

Stilt ifrå tårn det kimar
Tonedun glid og glimar
Barnlege jolefrygdi
Sveipt er um heile bygdi

Gullglans frå kyrkjegluggar
Skin imot natteskuggar
Høgtidsprydd prest der inne
Lyfter upp Jesu minne

Nedsnødd er landet vide
Stovene høgtidsblide
Lyser på gledeordet
Far les ved (Jole)bordet

Inn i den vigde festen
Stig han den høge gjesten
Kjem frå det ljuve Eden
Byd alle Jolefreden

Lette små steg i stova
Alle vil gjesten lova
Songen kring kveikte treet
glitrar av himmelglede

Sylvstjerneflor i snøen
Palmesyn yver bøen
Betlehem kjem so nære
Her vert han fødd, den kjære